

Alkoholpolitiske retningslinjer for Bykle kommune

2024 – 2027

1. Innleiing

Alkoholpolitiske retningslinjer er ein del av den heilskaplege rusmiddelpolitiske handlingsplanen for Bykle kommune. Planen gjeld for 4 år, frå 2024 til 2027.

Alkohollova tilrår at planen vert vedteken av kvart nytt kommunestyre.

Alkoholpolitiske retningslinjer for Bykle kommune skal gje rammer for handsaming av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Kommunen skal forvalte tildeling og oppfølging av sal- og skjenkeløyve på forsvarleg måte. Dokumentet er kommunen sine retningslinjer for handsaming av sals- og skjenkeløyver og er bindande for all sakshandsaming av søknader om sals- og skjenkeløyver.

2. Aktuelt lovverk

- [Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#)
- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#)
- [Alkoholloven med kommentarer \(rundskriv\)](#)
- [Alkoholforskriften med kommentarer \(rundskriv\)](#)

3. Definisjonar

Skjenking: Sal av alkoholholdig drikk for konsum på staden.

Sal: Utlevering av alkoholholdig drikk for konsum ein anna stad.

Skjenkestad: Verksemd som har løyve til skjenking av alkohol.

Salsstad: Verksemd som har løyve til sal av alkohol.

Ambulerande skjenkeløyve: Eingongsløyve knytt til skjenking av alkohol til eit bestemt høve/arrangement i eit slutta selskap (inviterte gjester/lukka arrangement).
§ 4-5

Skjenkeløyve for einskilde arrangement: Eingongsløyve knytt til eit bestemt høve/arrangement der allmugen har tilgang til skjenkestaden (ope arrangement)

Kunnskapsprøve om alkoholloven: Kunnskapsprøven er obligatorisk for styrar og stedfortredar ved tildeling av fast skjenkeløyve. Prøva må vere avlagt og bestått før søknad om skjenke- eller salsløyve vert handsama..

Grupper alkoholholdig drikk:

Alkoholfri drikk: drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol.

Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 1: drikk som inneheld over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

Alkoholholdig drikk gruppe 3: drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

4. Målsetjing

Målet med retningslinene er å redusere skadeverknader knytt til alkohol som beskrevet i [formålsparagrafen i alkoholloven](#), gje føreseielegheit for søkjarar og lik sakshandsaming.

5. Søknadsprosedyre

- 5.1. Den som ynskjer å søke om sals- eller skjenkeløyve for alkohol må søke elektronisk på søknadsskjema som ein finn på kommunens heimeside.
- 5.2. Handsamingstid er inntil 4 månader (jamfør [Alkoholova § 1-11](#))
- 5.3. Ved tildeling og fornying av alminnelig skjenkeløyve skal det leggast vekt på om søkjar er eigna til å ha sals- og skjenkeløyve, og om dei oppfyller krava i [alkoholova § 1-7 c](#) som mellom anna gjelder alder og krav om bestått kunnskapsprøve om alkoholova. Administrasjonen går gjennom søknaden og kontrollerer at søknaden er korrekt utfylt og at følgjande vedlegg er med:
 - Tekning av arealet og konseptskildring.
 - Internkontrollsystem for sal eller skjenking av alkohol
 - Bestått kunnskapsprøve i alkoholova for styrar og stedfortredar. ([Unntak til krav om stedfortredar eller kunnskapsprøve](#))
 - Stadfesting av samtykke frå styrar av alkoholløyve/avløysar til styrar

Administrasjonen stadfester skriftleg at søknad er motteke og ber om ettersendingar eller vidare opplysningar om det manglar i søknaden. Sakshandsaminga tek til fyrst når alle relevante vedlegg og opplysningar føreligg. Når uttaler frå aktuelle etatar og instansar er motteke utarbeider kommunen eit vedtak eller saksframlegg til politisk handsaming i høve til delegering.

- 1.1. Alle søknader om løyve skal undergjevast ei konkret vurdering i høve til alkohollova. Før eit alminnelig sals- eller skjenkeløyve kan bli gjeve, skal det hentast inn uttale frå sosialtenesta og politi jamfør alkohollova § 1-7 andre ledd.
- 1.2. For å få alminneleg skjenkeløyve må man ha serveringsløyve. Om verksemda ikkje har det må den søkje om dette samtidig.

6. Internkontroll

Innehavar av sals- og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jamfør [forskrift til alkohollova kapittel 8](#). Ein kan gjere unntak for løyve i eit enkelt høve når det vil virke urimeleg, mellom anna ut frå storleiken på arrangementet.

Det er viktig med internkontroll ved store eller uoversiktlege arrangement som festivalar og liknande. Det er ikkje krav til internkontroll ved ambulerande skjenkeløyve.

Kommunane vil ved behov gje råd og rettleiing til løyvehavar i arbeidet med å utforme eit internkontroll system.

Internkontrollsystemet må tilpassast verksemda sin storleik m.m. jamfør [retteiar frå Sosial- og helsedirektoratet](#). Uansett storleik på verksemda så må desse dokumenta vere tilgjengelege for tilsette skriftleg, på papir eller elektronisk:

- Alkohollova
- Alkoholforskrifta
- Kommentarer til lov og forskrift
- Kommunens løyvevedtak
- Revisjonsnotat med oversikt/dokumentasjon over siste gjennomgang av internkontrollen med tilsette

7. Gebyr og omsetningsavgift

Gebyret for alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 skal fastsettast etter forventa omsett mengde alkohol. Gebyrsatsen er fastsett i [forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 6-2, 2. ledd](#). Gebyret betalast årleg.

For løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, skal det betalast eit gebyr som fastsettast i forhold til forventa omsett mengde alkoholholdig drikk. Gebyrsatsen er fastsett i [forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. §6.2, 1 ledd](#). Gebyret betalast årleg.

Gebyr for skjenkeløyve for eit bestemt høve vert vedtekne kvart år i den kommunale prislista.

Opgåve som syner mengde på omsett alkohol for føregåande år skal vere kommunen i hende seinast 1. april året etter, [jamført alkoholforskrifta § 6-3](#).

Løyveharar vil få ein faktura med avrekning frå forskjellen mellom forventet og registrert omsetning året før og forventet omsetning for påbyrja år.

8. Løyvingsperioden

Løyvingsperioden for sals- og alminnelig skjenkeløyve vert gjeve for inntil 4 år om gonga. Løyvinga opphøyre 30. september året etter at nytt kommunestyre er konstituert, [jamført alkohollova §1-6](#).

9. Tilhøve som skal vurderast ved sakshandsaminga

9.1. Vurdering av vandelsmessige forhold

Sals- eller skjenkeløyve skal, etter ei vurdering, kunne nektast på grunnlag av negativ uttale frå Politiet om søker sin vandel når forholdet knyter seg til alkoholloven eller til anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt føremål, eller frå skatte- og avgiftsmyndigheita om vandel i høve til denne lovgjevinga.

9.2. Vurdering på grunnlag av tidlegare erfaring

Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggast vekt på om søker kan sjåast på som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det kan takast omsyn til tidlegare dårlig erfaring med søkaren si utøving av løyve.

9.3. Andre omsyn i vurdering av om løyve skal gjevast

Ved tildeling av løyve skal skjenkestadens karakter, driftskonsept og lokalisering, samt om lokala er eigna tilleggas vekt. Negativ erfaring med tidlegare driftsform kan også tilleggas vekt. Det skal òg takast omsyn til sal og skjenkestaden sin plassering i høve til dømesvis skuler, barnehagar og liknande. Det skal òg takast trafikale omsyn ved tildeling av skjenkeløyve.

10. Alminnelige skjenkeløyve

Følgjande verksemdstyper kan tildelast alminnelig skjenkeløyve:

10.1. Overnattingsstad:

- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3
- Det kan skjenkast alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 til overnattingsgjester utan tidsavgrensing, jamført [alkohollova § 4-4 7.ledd](#).

10.2. Restaurantar og kafear:

- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3.

10.3. Nattklubbar, barar og pubar:

- Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3.
- Det kan settast vilkår om ekstra vakthold ved inngang og i lokalet dersom løyve skal gjevast.

10.4. Utandørs skjenkeareal for alminnelige skjenkeløyver

- Det kan gjevast alle løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3.
- Det kan settast vilkår om vakthold ved inngang dersom løyve skal gjevast.
- Utandørs skjenkeareal skal ha ein klar fysisk avgrensing
- Arealet må vere eit verksemda disponerer, anten ved å eige det sjølv eller ha løyve frå grunneigar.

Det kan søkjast om utviding av areal, skjenketid, skjenkegrupper for einskild høve, til det alminnelege løyvet. (Delegeringsreglementet avgjer kva som kan handsamast administrativt)

Det vert ikkje sett tak på antal skjenkeløyver.

11. Løyve for eit einskild høve

Det er krav til at styrar for skjenkeløyve til arrangementet har uklanderleg vandel og kjennskap til skjenkereglane i Alkohollova og tilhøyrande føresegn.

Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3. For gruppe 3 er det krav om at styrar har bestått kunnskapsprøve i alkohollova.

Søknadar om løyve for einskild høve skal vere innkomne til kommunen minst 3 veker før arrangementet skal finne stad.

Skjenkeløyve for eit einskild høve (opne arrangement) må knyte seg til ei bestemt hending, og det må tildelast særskilt løyve for kvart einskild arrangement.

Dersom forventa antal deltakarar er 100 eller meir vert det sett krav om at styrar for skjenkeløyve har bestått kunnskapsprøva i alkohollova for skjenkeløyve. Det skal òg leggast fram plan for internkontroll ([Døme frå Helsedirektoratet](#)). Det kan òg settast krav om kvalifiserte vakter.

10.1. Avgrensingar i høve til å få skjenkeløyve for eit einskild arrangement

Det kan bare gjevast skjenkeløyve til einskild arrangement til ideelle organisasjonar eller verksemdar med alminneleg skjenkeløyve registrert i kommunen. (Privatpersoner kan berre søkje om løyve til slutta selskap.)

Skjenkeløyver til stader som er lokalisert i nærleiken av skule, leikeplass, ungdomsklubb eller andre stader der barn og unge samlast, kan ikkje ha skjenketid på tider der barn og unge er samla.

Der barn og unge er ei målgruppe ved arrangement vert det ikkje gjeve skjenkeløyve i samband med arrangementet før programmet for desse er avslutta.

11. Ambulerande løyve

Ambulerande løyve må søkjast dersom ein ynskjer å servere alkoholhaldig drikk mot betaling i eit slutta selskap. Ein treng ikkje ambulerande skjenkeløyve om ein har eit privat arrangement og gjestene har med seg alkoholhaldig drikk eller ein serverer alkoholhaldig drikk utan betaling. Man må òg søke løyve for slutta selskap med alkoholhaldig drikk utan betaling, om det vert held på offentleg stad.

Det kan gjevast løyve for alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3. Søknadar om ambulerande løyve skal vere innkomne til kommunen minst 3 veker før arrangementet skal finne stad.

Ambulerande skjenkeløyve til slutta selskap vert tildelt privatpersonar. Det kan gjevast løyve for gruppe 1, 2 og 3. Styrer for ambulerande skjenkeløyve skal vere minimum 20 år og erklære seg kjent med gjeldande regelverk.

12. Frist for å søke om løyve for enkelt høve/ambulerande skjenkebevilling før sommarsesong

Dersom arrangementet skal finne stad i perioden mellom 1. juli og 30. august må søknad vere kommunen i hende seinast 1. juni.

13. Skjenketid

13.1. Skjenking av drikk **under** 22 volumprosent alkohol (gruppe 1 og 2)

Kvardagar, sun- og heilagdagdar og offentlege høgtidsdagdar kl. 08:00- 02:00.

13.2. Skjenking av drikk **over** 22 volumprosent alkohol (gruppe 3):

Kvardagar, sun- og heilagdagdar og offentlege høgtidsdagdar kl.13.00- 02:00.

Konsum av skjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Kommunen vil som utgangspunkt ikkje gje skjenkeløyve utover den tida som kjem fram av punkt a og b ovafor. Kommunen kan i særskilde einsskilde høve fråvike dette prinsippet, med klare vilkår frå Politiet, Sosialkontor og kommunen.

13.3. Alle søkarar får i utgangspunktet same skjenketid, men det kan differensierast ved behov for kortare skjenketid om det er avgjerande for at skjenkeløyve kan gis.

14. Salsløyve

14.1. Type verksemder som kvalifiserer for salsløyve

Salsløyve for alkoholholdig drikk med høgast 4,7 volumprosent alkohol kan gjevast til dagligvarebutikkar der hovudvekta av varesortimentet er matvarer. Ein dagligvarebutikk med biinntekt frå sal av drivstoff reknast som dagligvarebutikk, og kan få løyve for sal av alkoholholdig drikk.

Bensinstasjon som og sel dagligvarer kan ikkje få salsløyve. Det kan heller ikkje kioskar eller gatekjøkken.

Søknader om ølutsal eller gardsutsal av alkoholhaldig drikk vert handsama særskild som sak av prinsipiell art av Kommunestyret, eller det politiske organet som er delegert myndigheita.

12. Salstid

Salstider for alkoholhaldig drikk er ikkje meir avgrensa enn dei i [alkohollova § 3-4a](#):

Sal og utlevering av drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol kan bare skje mellom kl. 08.00 og kl. 20:00 på kvardagar. Laurdagar og dagar før heilagdagar må salet stengjast kl. 18:00, med unntak av dagen før kristi himmelfartsdag. Det er ikkje høve til sal av alkoholhaldig drikk som nemnt ovanfor på sun- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

15. Nettsal

Det kan gjevast løyve til sal av alkoholhaldig drikk på nett. Det må gå fram av løyvesøknaden om varene skal utleverast frå eit bestemt lokale eller om det skal skje ved utkøyring.

Søknad om løyve må skje til kommunen der verksemnda er lokalisert/lokalet ligg. I tillegg må det søkjast om kommunalt løyve i alle kommunar der det skal utleverast alkoholhaldig drikk.

Utlevering av alkoholhaldig drikk må:

- skje innanfor gjeldande salstider i kommunen
- bare skje til personar som er 18 år eller eldre
- ikkje skje til personar som tydeleg er påverka av rusmiddel